

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 36/2005

Møtedato: 7.9.05

Arkiv nr: S 609

S 609, Nørre Trøllhøvd – søknad om nytt sel

Olav Einang søker om å få føre opp nytt sel på stølen.

Einang opplyser at stølen er i eige bruk til slått. På stølen er det frå før to uthus på 13/21 m² og eit sel på 51 m². Søkjaren ynskjer å føre opp eit sel på 60-70 m². Det er ikkje utarbeidd teikningar fordi han fyrst ynskjer å få avklara om han får løyve til bygging.

Olav Einang opplyste på telefon at grunn under det gamle selet var så dårleg at selet ikkje var noko å reparere på. Han kom derfor ikkje til å vedlikehalde selet og meinte med tida å rive dette. Ved bygging av nytt sel var det nødvendig å ha det gamle selet ståande.

Det er lagt ved kartskisse med ny plassering av sel. Dette ligg ca 30 meter lengre sør enn eksisterande sel og detter ca 60 meter frå uthus ved vegen. Fjellstyret har normalt kravd at stølshusa skal vera i eit meir kompakt tun enn dette.

Bygging på støl i bruk skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Regional kulturminneforvaltning har ikkje kapasitet til å behandle alle byggesøknader og fjellstyret sender etter avtale berre tvilstilfelle over til behandling.

Statskog skriv i brev datert 1.9.05 følgjande:

Under forutsetning av at stølen er ibruk ut fra eget bruk, og det er behov for bygget i forbindelse med stølsdrifta, har vi ikke merknad til oppføring av nytt sel på 60-70 m². I og med at stølen brukes til forproduksjon, skulle det ikke være behov for 2 sel og vi regner med at gamle selet skal rives.

Vedtak:

Fjellstyret er positive til at Olav Eingang får før opp nytt sel i den storleik som er skissert på vilkår av det gamle selet blir rive.

Endeleg løyve kan ikkje gjevast før enn det er lagt fram teikningar på nytt sel. Fjellstyret vil sjå på saka under befarung i juni før ein kan godkjenne plassering av selet.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.9.05

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Vestre Slidre kommune
Olav Einang